



Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar	Dykkar	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Dato:
ref:	dato:	25/18526 -	Åsmund Nybø Vik -	02.09.2025
	10.07.2025	25/114379		

Sykkylven kommune - kommunedelplan - klima og energi - fråsegn til offentleg ettersyn

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvalting, naturressursforvalting og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

Fylkeskommunens planverk er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av regionalt planforum. Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

INNLEIING

Saka gjeld høyring av forslag til tematisk kommunedelplan for klima og energi for Sykkylven kommune. Møre og Romsdal fylkeskommune har gått gjennom planforslaget og tilhøyrande dokument, og ønskjer med dette å kome med nokre merknader til planen.

MERKNADER TIL PLANEN

Samferdsel

Ein stor del av klimautsleppa kjem i dag frå vegtrafikken. Ei aktiv regional og kommunal planlegging som samordnar bustad, forretning, næring mm. og som reduserer

transportbehovet, er naudsynt for å nå måla for miljøpolitikken. Møre og Romsdal fylkeskommune ser på samordna bustad-, areal- og transportplanlegging som det viktigaste verkemiddelet for å kunne handtere klimautfordringane og utslepp frå trafikk. Fortetting i gang-/sykkelavstand til mellom anna sentrumsfunksjonar, arbeidsplassar, skular og kollektivtilbod er ein føresetnad for å kunne oppnå reduksjon i utsleppa. Det må etablerast gode og trafikkssikre løysingar for gåande/syklende, samt grunnlag for eit godt kollektivtilbod. Alle tiltak må vere universelt utforma.

Det er viktig at klima- og miljøplanen blir vektlagt i arbeidet med rullering av arealdel til kommuneplanen, slik at mål og føringar kan bli følgde opp i praksis.

Det må også leggjast vekt på haldningsskapande arbeid, for å auke motivasjonen til bruk av miljøvennleg transport. Tilrettelegging for miljøvennleg bilbruk i form av etablering av ladestasjonar vil også vere eit naudsynt tiltak.

Trafikkstøy er ikkje nemnt i klima- og miljøplanen slik den ligg føre no. Trafikkstøy er ein del av miljøet, og er eit miljøproblem som rår svært mange personar. Vi meiner trafikkstøy er eit viktig tema som vil vere aktuelt mellom anna ved planlegging av ny støyfølsam busetnad og tettstadsutvikling. Temaplanen må ta opp og vurdere temaet vegtrafikkstøy, og planen må seie noko om korleis kommunen gjennom arealplanlegging kan unngå at mellom anna bustader, skolebarn og barnehagebarn blir utsette for støyproblem.

Kulturminne frå nyare tid

Det er omtalt at ein skal «*bruke klimarekneskap som verktøy til å vurdere om bygg skal bevarast, rivast eller byggast nytt.*».

Bustadar, kontorbygg og forskjellige yrkesbygg står for nærmare halvparten av det årlege strømforbruket i Norge. [Energibruk i bygg - NVE](#). Vi vil derfor gjere merksam på studien som er utført på rivning og bygging av nye bygningar versus energieffektivisering av eksisterande bygningar. [Grønt er ikke bare en farge: Bærekraftige bygninger eksisterer allerede - SINTEF](#).

Det er viktig at innbyggjarar i kommunen har kjennskap til moglegheitene som finst for å energieffektivisere eldre bygningar, då det er mykje å hente på enkle tiltak. Eit eksempel er korleis ein energieffektiviserer eldre vindauge med enkle tiltak: [Varmeisolering av gamle vinduer - Bygg og Bevar](#), [Rapportnummer - Fortrolig](#).

Rettleiar for energieffektivisering av gamle hus finst her: [Råd om energisparing i gamle hus - Riksantikvaren](#). Riksantikvaren har også ei eksempelsamling som viser konkrete tiltak for energieffektivisering, og korleis dei kan utførast i tråd med verneverdiar: [Riksantikvaren Eksempelsamling](#).

Miljø og klima

Det er bra at Sykkylven kommune har gjennomført både innbyggjarundersøking og innbyggjarmedverknad. Innbyggjarane ser ut til å vere godt oppdaterte og forslag er i tråd med kva forskarane anbefaler av tiltak. Vi rår til at politikarane blir gjort kjend med desse slik at dei kan ta avgjerder i tråd med innbyggjarane sine forventningar.

Det er eit fornuftig grep at klima- og energiplanen ikkje inkluderer ei liste over tiltak, men at tiltaka blir lagt til det årlege klimabudsjettet, slik at planen står seg over tid. Både planen og kunnskapsgrunnlaget framstår som godt gjennomarbeidd. Vi har nokre innspel:

KLIMA- OG ENERGIPLAN


- Nasjonale klimamål, side 4: Må oppdaterast da det er tilført eit nytt mål i [Klimaloven](#) for 2035 om minst 70-75 % kutt.
- Sykkylven kommune sine hovudmål for klima og energi, gul boks side 4: Det framstår uklart om dette er mål henta frå *Sykkylven sin samfunnsplan 2023-2027* eller om det er hovudmål i klima- og energiplanen. Den same tekstboksen kjem ein gong til på side 8.
- Ein bør vurdere om kapittel *Klimagassutslepp*, side 5-8, bør takast ut og bakast inn i kunnskapsgrunnlaget, då dette er, og blir presentert som eit kunnskapsgrunnlag. Det overlappar òg med noko av innhaldet som allereie ligg i kunnskapsgrunnlaget. I kunnskapsgrunnlaget vil det vere rom for å forklare figur 2 betre. Figur 3 er betre forklart i klima- og energiplanen enn i kunnskapsgrunnlaget. I kunnskapsgrunnlaget saknar vi forklaring av endringane frå 2023 til 2024.
- Strategiar – slik skal vi nå måla, side 8: Dersom både den gule og kvite tekstboksen er hovudmål og hovudstrategiar i klima- og energiplanen bør dei få ein meir synleg plass tidlegare i dokumentet, for eksempel på side 4.
- Satsingsområde, side 9-18: Vi rår til å avgrensa mengda tekst som ikkje er ein del av tekstboksane. Mykje av prosateksten er kunnskapsgrunnlag som like gjerne kunne ha vore presentert i dokumentet kunnskapsgrunnlag. Det vil gjere omfanget på klima- og energiplanen mindre og gje *mål* og *strategiar* meir synlegheit/merksemd.

KUNNSKAPSGRUNNLAG

Kunnskapsgrunnlaget er breitt og framstår godt gjennomarbeidd.

Figuren på side 24 om utslepp og opptak av klimagassar frå skog og arealbruk bør forklarast og diskuterast. Figuren viser stor nedgangen i skogen sitt opptak/binding av CO₂. Norske skogar og landområde tar opp store mengder CO₂ kvart år, men opptaket har blitt redusert med 40 % det siste tiåret, sjå figuren under. Fleire EU-land har opplevd det same. I nokre land har skogen blitt en kjelde til utslepp i staden for opptak (Finland, Tyskland, Austerrike, Tsjekkia).

Klimagassregnskapet for arealbrukssektoren



Kilde: CICEROdagen 6. mai 2025
Gunnhild Søgård (NIBIO)

Norwegian Environment Agency, Statistics Norway, NIBIO, 2025. Greenhouse Gas Emissions 1990-2023, National Inventory Report. M-no:2948. 626 p.  Møre og Romsdal
Kommune

Figur 1: Norske skogar og landområde tar opp store mengder CO₂ kvart år, men opptaket har blitt redusert med 40 % det siste tiåret, som ein kan sjå i figuren.

KONKLUSJON

Møre og Romsdal ber om at merknadene ovanfor blir tekne omsyn til i den vidare handsaminga av planen.

Med helsing

Björn Gregull
fagleiar kommunal planlegging

Åsmund Nybø Vik
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Kopi til:
Norges Vassdrag- og
energidirektorat
Statens vegvesen
Statsforvaltaren i Møre og
Romsdal

Samferdsel: Eirin Husby Frey, tlf. +4771280042.
Kulturminne frå nyare tid: Sofie Molnes Søvik, tlf. +4799403684.

Miljø og klima: Ingeborg Simonsen, tlf. +4771280572.



SYKKYLVEN KOMMUNE

Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Uttale til høyring av kommunedelplan for klima og energi - Sykkylven kommune

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Bakgrunn

Vi viser til forslag til tematisk kommunedelplan for klima og energi i Sykkylven kommune, som er sendt på høyring og lagt til offentleg ettersyn.

Klima og energiplanen skal vere styrande for dykkar klimaarbeid. De har mål om å vere framtidsretta og klimafokusert. Konkrete tiltak vil bli presentert i årlege klimabudsjett, som er handlingsprogrammet for klima og energiplanen. Klimabudsjett skal innlemmast i økomomiplan og årsbudsjett. Klima og energiplanen tek ikkje for seg klimatilpassing.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde følgande merknader:

Planfagleg og klima

Kommunen har ei viktig rolle når det gjeld arbeidet med å redusere klimagassutslepp, som er ein av dei største utfordringane vi i dag står ovafor. Vi vil gje ros for eit godt planforslag med ambisiøse og framtidsretta mål for å bidra i kampen mot klimaendringane.

Det er veldig bra at klima- og energiplanen skal følgjast opp med konkrete tiltak i eit klimabudsjett kvart år. Det er også veldig bra at de skal nytte verktøyet Klimakost der de kan estimere effektar av tiltak i klimabudsjettet. Vi registrerer at de har ein strategi om å gjere klimaarbeidet synleg, og vi oppmodar at dette også omfattar berekningar og resultat frå Klimakost, slik at innbyggjarar og politikarar blir opplyst om status på klimagassutsleppa samt eventuelle verknader av tiltak.

Vi håper planen blir eit viktig og nyttig verktøy for dykk i åra framover. Det er særleg viktig at planen blir lagt til grunn for framtidige plansaker, og at de arbeider på tvers i kommunen med å gjere plana kjent for alle. Vi ønskjer lykke til med arbeidet.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)
plansamordnar

Jorunn Mittet Eriksen
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 08.09.2025

Vår ref.: 202515331-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: 25/922-6 / BIRENS

Sakshandsamar: Ole Martin Bolset,
ombo@nve.no

NVE sin uttale - Offentleg ettersyn - Tematisk kommunedelplan for klima og energi - Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 10.07.2025. Saka gjeld offentlig ettersyn av tematisk kommunedelplan for klima og energi 2025-2037 for Sykkylven kommune. Klima- og energiplanen skal vere det styrande dokumentet for Sykkylven sitt klimaarbeid, og skal synleggjere ein heilskapleg innsats og definere moglegheitsrom, ambisjonsnivå og strategiske val for ei berekraftig framtid.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser knytt til vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å førebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strok (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

NVE sin konkrete uttale

Sykkylven kommune har gjennom eit grundig arbeid fått utarbeidd ein god klima- og energiplan. Det ligg god kunnskap til grunn, samt resultat frå innbyggjarundersøking og medverknad.

Klima- og energiplanen tar ikkje for seg utfordringar knytt til klimatilpassing. Dette skal handterast i kommunen sin risiko- og sårbarheitsanalyse, arealplanar, byggesaker og gjennom drift av bygg og anlegg. Vi har ingen særskilte merknadar til dette då tilpassing til forventa klimaendringar er ei planoppgåve, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 3-1 første ledd bokstav g). Arealplanlegging er eit av dei viktigaste verkemiddela for å førebygge skade frå skred, flaum, erosjon og overvatn. Vi føreset at vidare planarbeid i kommunen vil ivareta desse omsyna.



Det er lagt opp til seks ulike satsingsområde i klima- og energiplanen. Energi og arealbruk, tettstadutvikling og bygg er to av disse. Her skriv Sykkylven kommune at de skal energieffektivisere og arbeide for utelukkande bruk av energi frå fornybare kjelder i kommunale bygg samt å stimulere til energieffektiviseringstiltak og bruk av fornybare energikjelder for industri og private bustader, til dømes gjennom planar. De skriv vidare at kommuneplanen skal nyttast som eit aktivt styringsverktøy for areal- og transportplanlegging der nye byggeområde skal utviklast slik at dei ikkje fører til auka utslepp av klimagassar.

I [Nasjonale forventninger til regional og kommunal planlegging 2023-2027](#) er det fleire forventningar til klima og energi. Sykkylven kommune har fått med seg dei temaa NVE ofte har fokus på, med å legge til rette for effektiv og fleksibel energibruk, og å legge til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande næringsutvikling.

Siste punkt i oppfølgingsplanen er at klima- og energiplanen skal nyttast i anna planarbeid i kommunen.

Vi har ingen særskilte merknadar til planen, og ønskjer lukke til vidare med det viktige klima- og energiarbeidet.

Meir informasjon

De finn mykje informasjon på våre nettsider om arealplanlegging, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole Martin Bolset
Rådgiver

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

SYKKYLVEN KOMMUNE

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref: 2025/922
Vår ref: 2025/172411
Dato: 20.08.2025

Ingen innspel til planforslag på høyring – Tematisk kommunedelplan for klima og energi – Sykkylven kommune

Vi viser til brevet dykkar av 10.07.2025 med referanse 25/922 -6 /BIRENS, der vi har motteke eit forslag til tematisk kommunedelplan for klima og energi for Sykkylven kommune.

Mattilsynet sitt ansvar og medverknad

Mattilsynet er eit statleg, landsdekkjande forvaltingsorgan som mellom anna tek vare på tilhøva rundt drikkevatn, men òg innanfor område som plantar, dyr, fisk og næringsmiddel. Som høyringsinstans er det vår oppgåve å bidra til å vareta nasjonale, regionale og lokale interesser innanfor våre forvaltningsområde.

Vurdering

Vi har vurdert saka ut i frå omsynet til drikkevatn, akvakultur, fiskehelse, fiskevelferd, dyrehelse, dyrevelferd, plantehelse og næringsmiddel.

Konklusjon

Vi kjenner ikkje til forhold i denne saka som vil påverke forvaltningsområda våre, og vi har derfor ingen merknader til planen.

Med helsing

Mattilsynet, tilsynet

Per Hallgeir Mørkeseth
Seniorinspektør

Ivar Eiken
avdelingsleder

Dokumentet er godkjent elektronisk / This document has been electronically approved

Høyringsssvar til Klima og energiplan, 2025-2037

Sykkylven kommune

Innspel til delkapittel om landbruk:

Vi i Sykkylven Bondelag ønskjer med dette å gi høyringsinnspel til Sykkylven kommune sin Klima- og energiplan 2025-2037, med hovudvekt på landbrukskapittelet.

Vi vil først gi ros for ein solid og gjennomarbeidd plan som tek landbruket på alvor – ikkje berre som utsleppskjelde men også som nøkkelaktør i klimaomstillinga. Vi set pris på at planen vektlegg både klimakutt, matsikkerheit og berekraftig ressursforvaltning. Det er positivt at kommunen bygg på nasjonale mål og landbruket sin eigen klimaplan, og tilpassar desse til lokale forhold. Vi meiner dette er ein viktig føresetnad for gjennomføring og forankring.

Vi ser og svært positivt på konkrete tiltak som klimakalkulator, biogass, og foryngingskontrollar i skogbruket, og at planen har eit breitt berekraftsperspektiv – med klima, økonomi og naturmangfald i samspel. Klimaplanen må vere tilpassa lokale forhold.

Status og utfordringar for landbruket i Sykkylven

Landbruket i Sykkylven er prega av:

- Bratt terreng og små, krevjande areal.
- Driftsbygningar frå 1950-80-tallet som ofte er modne for utskifting.
- Hovudsakleg grovfôrproduksjon med mjølk og kjøtt.
- Viktig bruk av utmark og sentrumsnær matjord.

Vi har dei siste åra sett ein nedgåande trend i gardsoverdragingar og nye satsingar. Derfor meiner vi at det er avgjerande at planen og rettar merksemd mot bønder utan generasjonsskifte i sikte.

Dette er ei gruppe som ofte fell litt utanfor i den grøne omstillinga og i investeringsprogram retta mot framtidig drift og generasjonsovertaking. Samtidig er det mange i denne gruppa som har både erfaring, kunnskap og vilje til å bidra – om tiltaka blir tilpassa deira situasjon.

Innspel til forbetring.

- 1) Tyding av prioritering og ansvar.
 - Det bør kome tydlegare fram kven som har ansvar for gjennomføring av dei ulike tiltaka – t.d kommunen, bøndene, landbruksrådgivninga eller regionale aktørar.
 - Ein konkret handlingsplan med tidfesting og økonomiske rammer vil gjere planen meir operativ.
- 2) Styrka innsats for klimatilpassing.
 - Eit meir ekstremt klima krev betre førebygging gjennom jordvern, drenering og flaumsikring.
 - Planen bør identifiserer særleg utsette område i kommunen og vise til område tiltak skal prioriterast.
- 3) Stimulering til ny næringsutvikling.
 - Tiltak for innovasjon og nyetableringar i landbruksbasert næringsliv bør løftast meir fram.

- Vi oppmodar kommunen til å støtte opp om alternative næringar som lokal matforedling og gardsturisme.
 - Tiltak for kunnskapsformidling og prosjektarbeid om karbonbinding i jord og skog.
 - For støtte til biogass, ber vi kommunen sette seg inn i moglegheitene og bregranskingane lokalt i Sykkylven, for å sjå om det er ein realitet å få til, samt korleis gjere dette lønnsamt som fellesprosjekt.
- 4) Betre oppfølging av forbrukaråttferd
- Vi støttar tiltak som oppmodar til lokalmat og sjølvforsyning.
 - Kommunen bør vurdere konkrete tiltak som:
 - Lokale marknader
 - Støtte til andelslandbruk
 - Grøne innkjøpsordningar i offentleg sektor (Skulekjøkken, SFO, eldreomsorg osv.)
- 5) Tiltak med kortare tilbakebetalingstid
- Støtte til energieffektivisering, drenering og vedlikehald. Det vil vere meir attraktivt for fleire, spesielt dei som ikkje satsar langsiktig.
- 6) Tilskot og tiltak som styrkar eigeomsverdi
- Tiltak som karbonbinding i skog, beitepleie og landskapsforvaltning kan gjere eigedommar meir attraktive for framtidig bruk – og motivere eigarar til innsats, også utan aktiv drift.
- 7) Legge til rette for utleige og samarbeid
- Kommunen bør bidra til kontaktformidling mellom aktive bønder og eigarar som ønskjer å leige vekk areal eller bygning.
 - Investeringar som legg til rette for utleige og fleksibel bruk bør prioriterast.
- 8) Verdsetting av klima- og miljøarbeid som samfunnsbidrag
- Mange eldre bønder ønskjer å etterlate garden i god stand. Tiltak som gjev mogelegheiter til å bidra til klima- og miljøarbeid, utan krav om generasjonsskifte bør løftast fram og verdsettast.
- 9) Mindre byråkrati - meir praktisk støtte
- For bønder utan investeringsvilje eller kapasitet til større prosessar, vil lågterskeltiltak vere avgjerande for å få med fleire i klimaarbeidet.

Avslutningsvis vil vi seie at vi støttar hovudretninga i planen, og meina den gir eit godt grunnlag for eit landbruk som:

- Tek klimaansvar
- Sikrar lokal matproduksjon og verdiskaping.
- Tek vare på naturgrunnlaget for framtidige generasjonar.

Vi håper kommunen følgjer opp planen med konkrete tiltak, godt samarbeid med næringa og god informasjon til innbyggjarane.

Med venleg helsing

Sykkylven Bondelag

08.09.2025

Karianne Ellefsen Skotte, leiar.